**LINDÅS KOMMUNE**
**Myking skule**

**Medlemer i Samarbeidsutvalet og Skulemiljøutvalet for Myking skule.**

| til stades | Medlem Samarbeidsutvalet. | til stades | Vara medlem (møter berre etter nærare avtale). |
|---|---|---|---|
| x | Berit Bruvoll | | Ida Nordahl |
| x | Eva Abelsen | | Remi Rognaldsen |
| x | Janne Kari Eknes | | Bjørghild O. Spjell |
| x | Margunn Dale Skauge | | Reidun B. Skauge |
| | Kjell Fagna | | Jan-Erik Hope |
| | Solrunn Buene | x | Torill Myhre |
| x | Nils Kvalvågnes | | Kristine Lunde |
| | **Elevrådet:** | | |
| x | Magnus Holsen | | Razvan Popovici |
| | Leni R. Matre | | Ina A. Vabø |
| | **Medlem Skulemiljøutvalet** | | |
| x | Steinar Kleiven | | Ørjan Tvedt |
| | Martine H. Mæhle | x | Andre Kleiven |

## Referat frå felles møte for Samarbeidsutvalet og Skulemiljøutvalet ved Myking skule.

Torsdag 17. september kl. 18.00 - kl. rom 1

**Då sakene i Samarbeidsutvalet for det meste fell saman med Skulemiljøutvalet sitt interesseområde kallar ein inn til møte for begge utvala samla. Vedtaka som vert gjort vert merka som vedtak i dei respektive utvala.**

SAKER

### 1. Konstituering av Samarbeidsutvalet og Skulemiljøutvalet. :

a. Val av leiar og nestleiar: Berit Bruvoll vart valt til leiar og Ida Nordahl til nestleiar.
b. val av revisor for skulen sine råd/utval som disponerer midlar: Steinar Danielsen vart vald til revisor for Foreldrerådet sine konti ( inkl midlar som klassane disponerer).

### 2. Meldingar/referatsaker.

a. Referat frå elevrådsmøte.
Elevrådsrepresentantane Andre Kleiven og Magnus Holsen orienterte om saker elevrådet har hatt oppe i haust. Elevrådet har hatt eit møte så langt i skuleåret. Saker dei har hatt oppe er: Elevrådet sine oppgåver og skulen sin aktivitetsplan fram til Jul. ne trivsels- og ordensreglar (gjeld også på skulevegen), klasse.

b. Referat frå foreldreråds- og FAU-møte.
Leiar i Foreldrerådet, Berit Bruvoll, orienterte om FAU og saker dei har hatt oppe i haust: Orientering om arbeidet sist skuleår, førebuing foreldrerådsmøte, - for knapp tid til å henta inn foredragshaldar. Tek det oppatt til våren. Leksefri

skule, aktivitetstime – er det mogleg å få ein aktivitetstime per dag? Foreldreutval i grunnskuleopplæringa, kommunedelplan for oppvekst, helsesøstertenesta som er redusert til 5% for Myking skule sin del. Nasjomal mobbekampanje, innkjøp av leikar.

c. Skulen sine samarbeidsorgan. Gjennomgang av kap. 11 i opplæringslova.
d. SU sine oppgåver og SKMU sine oppgåver.
e. Korleis arbeida mot mobbing. Info om korleis foreldre og skulen kan samarbeida om å skapa eit gogt sosialt miljø mellom borna. Info om korleis fremja klage dersom barnet ikkje trivs på skulen/vert plaga/mobba.
f. Elevmiljø, Manifest mot mobbing. Bli med dansen 13. november.
g. Gjennomføring av brukarundersøkingar haustsemesteret. Elev- lærar og foreldreundersøkinga. SU/SKMU vedtok å gjennomføra alle brukarundersøkingane dette semesteret. Det må arbeidast spesielt med å få opp svarprosenten på foreldreundersøkinga. Aktivera klassekontaktane i dette arbeidet.

## 2.Trafikksikringsplan.

Skulen skal ha ein plan for opplæring innanfor trafikktryggleik og ein plan for å ivareta trafikktryggleik i samband med borna sin skulegang. Frist 1. november.

**Vedtak: Skulen utarbeider eit framlegg til handlingsplanfor trafikksikker skule til SU/SKMU møtet 17. november.**

## 3.Gjennomgang av skulen sine- trivsels og ordensreglar.

Skulen sine trivsels og ordensreglar gjeld ut 2015 og skal difor reviderast dette skuleåret.

**Vedtak: Trivsels- og ordensreglane til skulen vert sendt på høyring til skulen sine råd og utval og til kommunen med uttalefrist 15. januar 2016.**

## 4. Høyring – Framlegg til planprogram for kommunedelplan oppvekst 2016 – 2019

Levekårsutvalet i Lindås kommune gjorde 01.09.2015 vedtak om å sende framlegg til planprogram for kommunedelplan oppvekst 2016 – 2019 ut på høyring.

Framlegg til planprogram for kommunedelplan oppvekst 2016 - 2019 ligg til offentleg ettersyn i tida 05.09.2015 – 17.10.2015 på rådhuset i Knarvik og på kommunen si heimeside www.lindas.kommune.no

Merknader må sendast Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø, eller postmottak@lindas.kommune.no innan 17.10.2015.

**Vedtak: Su/SKMU meiner at dette arbeidet høyrer naturleg inn under den Strategiske delen av kommuneplanen.**

## 5. Samarbeidsarrangement FAU/SKULEN.

Leiar i FAU orienterte:

Fau planlegg, - til dels i samarbeid med elevrådet, «oktoberfestival» med kino, popkorn, skøytetur til Bergenshallen og karneval i februar. Samt eit lotteri til inntekt for felleskassen.

## 3. Evt.

Myking skule 18.09.15

Nils Kvalvågnes
Ref.

Kopi: Einingsleiar